

Flora og fauna

Vekslinga mellom ulike skogtypar og kulturlandskap langs Lågen gjev grunnlag for ein variert fauna. I motsetnad til mange andre større vassdrag i Rogaland, er kantvegetasjonen intakt langs store delar av Suldalslågen. Om våren lyser heggen opp med kvite blomar, elles er gråor eit vanleg treslag langs elva. Derimot finst det lite myr og sumpmark. Eit av dei finaste våtmarksområda, Gåsavika ved Sand, er under utfylling. Også fleire andre viker er i ferd med å fyllast ut.

Laksanda gjestar Suldalslågen vinterstid. Hannen til venstre har fått namnet etter den lakseraude fargen på buken.

Foto: Stig Frode Olsen

Av typiske våtmarksfugl hekkar stokkand, siland, fossekall, strandsnipe og linerle. Jamvel kvinanda er funnen hekkande ein gong. Vipa hekkar talrikt på jordbruksarealea langs med elva.

I skogsområda finn vi ein variert småfuglfauna. I den gamle eikeskogen ved Førland kan vi sjå artar som er knytta til gammal skog, som t.d.

kattugle, kvitryggspett og gråspett. Rovfugl som sporvehauk, hønehauk og hubro finst og i skogsområda.

Vinterstid er det meir andefugl i Lågen. Det er stokkand, siland, laksand og kvinand som dominerar. Siland og laksand går under fellesnamnet fiskand, noko som henspeglar på dietten, som i stor grad består av småfisk. Nebbet til desse fuglane er langt og har mange spisse "tenner" som gjer det lettare å halda fast på sprellande fisk. Laksanda er den største av fiskendene, og har fått namnet sitt etter den lakseraude fargen på buken til hannfuglen.

Fiskendene vert av somme rekna for skadefugl, men det finst ikkje grunnlag for å påstå at desse fuglane er nokon trussel mot fiskebestanden i Lågen. Av dei millionar med egg som laks og aure legg i elva, er det likevel berre ein liten brøkdel som veks opp til stor fisk. Det er elva sjølv og mengden av tilgjengeleg mat som set den øvre grensa for kor mykje fisk elva kan husa.

Ein og annan gong kan ein sjå den vakre songsvana, og grågåsa kan slå seg ned for kortare tid under hausttrekket. Kanadagåsa har hekka ein gong i Hiimsvatn, i eit av sidevassdraga til Lågen.

Fossefallbestanden aukar kraftig langs Suldalslågen om vinteren, m.a. er han tallrik på strekningen Sandsfossen - Tjelmane bru. Han hekkar òg langs elva, men særleg i sidevassdraga. Fossefallen lever for det meste av insektlarver og anna småkryp som finst på grunt vatn. Han er den einaste sporvefuglen som kan dukka etter mat, og er hardfør nok til å finna mat her året rundt. Fossefallen var eit godt val som nasjonalfugl i Noreg.

